



2.1.12

Rettleiing for oppteljing – forholdstalsval

Val av sokneråd

Framgangsmåte ved oppteljing

Oppteljinga skal ikkje ta til før røystgivinga er avslutta i heile soknet. Med mindre valstyret har bestemt noko anna, skjer oppteljinga samla for heile soknet, jf. sr § 11-1.

Oppteljinga skal gjennomførast av dei personane valstyret har peika ut, og under tilsyn av valstyret, jf. sr § 11-2. Valstyret må vere vedtaksført under oppteljinga, det vil seie at minst halve valstyret må vere til stades (jf. Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet § 5). Under oppteljinga kan det kome opp spørsmål som krev at valstyret tek avgjerder.

Det bør vere så mange personar som deltek i oppteljinga at oppteljinga kan gjerast ferdig måndag kveld utan at det går langt over midnatt. Bruk erfaringane frå førre val for å rekne ut behovet.

Teljekorpset bør delast i arbeidslag på to og to personar som arbeider saman. Fleire av ledda i prosedyrane skal utførast av minst to personar saman. I tillegg bør det vere éin eller to personar som fungerer som arbeidsleiarar, har oversikta og syter for å få notert alle tal som skal rapporterast. I små sokn kan det klare seg med to-tre arbeidslag, medan det i store sokn gjerne kan vere fleire. Dei største og mest tidkrevjande operasjonane i oppteljingsprosessane kan gjerne delast på fleire arbeidslag. Til dømes kan teljing av avkryssingar i manntalslistene delast på fleire arbeidslag der det har vore fleire røystestader i soknet, og dermed fleire manntalslister.

Før valtinget:

(Etter at fristen for førehandsrøysting har gått ut fredag før valet, før vallokala opnar søndag eller måndag)

- **Teljing av kor mange førehandsrøyster som har kome inn**

Etter valtinget:

A. Kontroll og klargjering for oppteljing

B. Oppteljing

C. Rapportering og kunngjering

Oppteljinga må utførast i rekkjefølgje, men ein del operasjonar kan utførast parallelt.

Teljing av kor mange førehandsrøyster som har kome inn

Soknerådet går igjennom lista over førehandsrøyster før valtinget, og kryssar av i manntalet for dei som har førehandsrøysta. Førehandsrøystene skal oppbevarast separat fram til valtinget er avslutta, jf. sr § 9-10.

Dette gjeld både førehandsrøyster gitt i soknet og førehandsrøyster gitt i andre sokn som er sende til soknerådet. Det gjeld både røyster ved soknerådsvalet og røyster ved direkte val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Det er ikkje nødvendig å samle heile soknerådet til denne gjennomgangen, men minst to-tre av medlemmene i soknerådet må vere med på dette.

Det samla talet på førehandsrøyster skal førast inn på rapporteringsskjemaet (skjema 2.1.11, eventuelt skjema 2.1.12 dersom det er forholdstalsval) i **rubrikk 1**.

A. Kontroll og klargjering for oppteljing

- 1 Når røystgivinga er avslutta i heile soknet, skal alle avkryssa manntalslister og alle valurner fraktast til lokalet der oppteljinga skal gå føre seg.
Dette gjeld også eventuelle boksar eller forseglade posar med røysetesetlar som er blitt tekne ut av valurnene undervegs (sr § 10-6).
- 2 Røystestyra leverer samtidig inn rapportane sine frå valtinget, med lister over røyster gitt i andre røystekrinsar enn der veljaren er manntalsført, og lister over røyster frå personar som ikkje står oppførte i manntalet (sr §§ 10-3 og 10-4 femte og sjette ledd).
- 3 Minst to personar kontrollerer at alle manntalslister og valurner, og eventuelle andre røyster, er komne inn (sr § 11-1). Det skal også kontrollerast at førehandsrøystene er på plass i oppteljingslokalet, saman med lista over førehandsrøyster.

Heretter skal alle operasjonar utførast av minst to personar saman.
Arbeidet under pkt. 1–3 kan fordelast på fleire arbeidslag, til dømes kan eitt arbeidslag ta imot rapportar frå røystestyra, eitt arbeidslag ta imot manntalslistene, eitt arbeidslag ta imot urnene og røysetesetlane, og eitt arbeidslag kontrollere at førehandsrøystene er på plass.
- 4 Røysetesetelkonvoluttar frå førehandsrøystinga skal takast ut av omslagskonvoluttane og leggjast i valurna for vedkomande røystekrins (sr § 11-3 første ledd).
Dersom omslagskonvolutten ikkje er limt att, skal røystgivinga vrakast (gjeld òg pkt. 5 og 6). Dette merkjer ein samtidig med bokstaven V i manntalet. Dei som er avmerkte for vraka røysting i manntalet, skal ikkje reknast med i talet på framømte veljarar (avkryssingar i manntalet), jf. pkt. B1.
Talet på førehandsrøyster ved val av sokneråd (talet på kvite røysetesetelkonvoluttar som er lagde i valurna) og talet på førehandsrøyster ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet (talet på farga røysetesetelkonvoluttar som er lagde i valurna) skal førast inn på rapporteringsskemaet, det første talet i **rubrikk 1.1** og det andre talet i **rubrikk 1.2**.
- 5 Valstyret undersøker om dei veljarane som har røysta utanfor den røystekrinsen dei høyrer heime i, har høve til å røyste.
Dersom dette er i orden, set ein eit kryss ved namnet i manntalet og legg røysetesetelkonvolutten ned i valurna for vedkomande krins. I motsett fall blir røystgivinga vraka, og omslaget blir oppbevart uopna (sr § 11-3 andre ledd, samanhalde med § 10-4 femte ledd).

- 6 Valstyret tek stilling til om veljarar som har røysta, men ikkje står oppførte i manntalet, skal få si røyst rekna med ved valet.
Dei røystgivingane som blir godkjende, skal det kryssast av for i manntalet, og røysetesetelkonvolutten skal leggjast ned i valurna for vedkomande krins. I motsett fall blir røystgivinga vraka, og omslaget blir oppbevart uopna (sr § 11-3 tredje ledd, samanhalde med § 10-4 sjette ledd).
- 7 Alle røysetesetelkonvoluttar skal opnast og røysetesetlane stemplast (NB!) før dei blir blanda med dei andre røysetesetlane (sr § 11-4 b).
Ligg det fleire røysetesetlar i ein røysetesetelkonvolutt, skal alle vrakast dersom dei er ulike, men den eine skal godkjennast dersom dei er likelydande. Gjeld røysetesetlane same valliste, men berre den eine er ulik den offisielle vallista, skal likevel denne godkjennast og dei andre forkastast.
- 8 Røysetesetlane skal sorterast.
Røysetesetlar for val av sokneråd skal leggjast for seg, og røysetesetlar for direkte val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet skal leggjast for seg.

Pkt. 7 må utførast før pkt. 8. Men B1, teljing av kor mange avkryssingar som er gjorde i manntalet, kan setjast i gang parallelt.

B. Oppteljing

1 Avkryssingar i manntalslista skal teljast.

Dersom det er fleire manntalslister, summerer ein talet for heile soknet. *Talet skal først inn på rapporteringsskjemaet (skjema 2.1.12) i rubrikk 2* (sr § 11-4 a). Veljarar under 18 år skal teljast opp, og talet skal først inn i **rubrikk 2.1**. Veljarar under 18 år vil vere avmerkte i manntalet.

Det er berre éin kolonne i manntalet som er kryssa av. Det inneber at talet på avkryssingar svarer til det totale talet på kyrkjemedlemmer som har delteke i kyrkjevalet, altså har røysta ved eitt eller begge vala (sokneråd og/eller direkte val av leke medlemmer til bispedømmerråd og Kyrkjemøtet). Talet på avkryssingar vil derfor oftast ikkje svare til talet på røystesetlar ved kvart einskilt av desse vala.

2 Røyster gitt ved direkte val av leke medlemmer til bispedømmerråd og Kyrkjemøtet skal teljast (bdr §§ 2-13-5 og 2-13-6).

- *Røystesetlane skal brettast ut og leggjast i bunkar med same side opp.* Det bør leggjast eit farga skiljeark etter kvar 100. røystesetel. Valstyret skal ikkje gjennomføre nokon annan kontroll av desse røystesetlane. Alle røystesetlar skal sendast vidare til valrådet i bispedømmet.
- *Talet skal først inn på rapporteringsskjemaet i rubrikk 3.* Når talet er ført inn i valmodulen, skriv ein ut eit følgeskriv som skal leggjast saman med røystesetlane i ein forsegla konvolutt/pakke. Konvolutten/pakken skal sendast til valrådet i bispedømmet på sikker måte. Adressene til valråda står oppførte bakarst i valhandboka. Røystesetlane må sendast innan onsdag 16. september 2015.
- *Følgeskrivet* skal innehalde
 - a) namn på soknet
 - b) talet på gitte røyster
 - c) underskrift av to av medlemmene i valstyret

3 Det totale talet på røystesetlar ved val av sokneråd skal teljast opp.

Talet skal først inn på rapporteringsskjemaet i rubrikk 4 (sr § 11-4 c).

4 Røystesetlane skal ordnast i grupper for kvar valliste. For kvar valliste skal røystesetlane ordnast i grupper for uretta og retta røystesetlar (sr § 11-5 a). Røystetalet for kvar liste skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 4.1**.

Pkt. 2, 3 og 4 kan utførast parallelt. Ulike arbeidslag tek seg av pkt. 2 og 3. Dei som tek seg av pkt. 3, kan samtidig sortere i retta og uretta røystesetlar.

5 Dei uretta røystesetlane skal teljast av minst to personar. Kvar kandidat får éi røyst per uretta røystesetel.

Talet – for kvar av vallistene – skal først inn på lister som blir førte av minst to personar. Mal for slike lister (liste 2.1.12) ligg på www.kyrkjevalet.no. Det skal først éi liste for kvar av vallistene.

Talet på uretta røystesetlar – for kvar av vallistene – skal først inn på rapporteringsskjemaet i rubrikk 5.1 (sr § 11-5 b).

6 Talet på retta røystesetlar – for kvar av vallistene – skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 5.2**. På dei retta røystesetlane skal alle endringar veljarane har gjort på røystesetlane, registrerast (sr § 11-5 c).

- *Kandidatar med tilleggsrøyst (opptil tre) får to røyster.*
- *Kandidatar utan tilleggsrøyst får éi røyst.*
- *Namn som er førte over frå ei anna valliste, får éi røyst. Desse kandidatane kan ikkje givast tilleggsrøyst. Kor mange namn som er førte over frå andre lister, får verknader for utrekninga av listerøystetalet (pkt. 7). Det må derfor haldast eiga oversikt over dette.*

Ein medlem av teljekorpset les opp dei namna som har fått tilleggsrøyst, og namna på kandidatar som er førte over frå andre vallister. Deretter skal røystesetlane leverast til ein annan medlem, som kontrollerer opplysningane. Minst to personar fører kvar si liste. Desse listene skal samanliknast med jamne mellomrom.

Mal for slike lister (liste 2.1.12) ligg på www.kyrkjevalet.no.

- Dersom det er gitt tilleggsrøyst til fleire enn tre kandidatar, skal ein berre ta omsyn til dei tre øvste tilleggsrøystene.
- Dersom det er ført over meir enn tre namn frå andre lister, skal ein berre ta omsyn til dei tre øvste namna.
- Det skal ikkje takast omsyn til namn som er førte opp som ikkje står på noka kandidatliste.
- Det skal ikkje takast omsyn til strykingar.

Ein røystesetel skal *forkastast* dersom han er merkt slik at det går fram kven veljaren er. Dersom veljaren har retta lista på annan måte enn nemnt i sr § 10-5, skal likevel lista godkjennast, så fram det er eintydig kva veljaren har meint. Ein eigenhendig utfylt (handskriven) røystesetel skal godkjennast. Det er understreka at ein røystesetel som inneheld færre namn enn talet på medlemmer og varamedlemmer som skal veljast, ikkje skal forkastast.

Talet på forkasta røyster for kvar liste skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 5.3**.

Vraka røystgivingar etter pkt. A 4-6 skal ikkje reknast som forkasta røyster og ikkje reknast med i det talet som blir rapportert inn.

Pkt. 6 tek lengre tid enn pkt. 5. Det er derfor lurt å dele arbeidet i pkt. 6 mellom fleire arbeidslag. Når pkt. 5 og 6 er utført, skal tala først inn på eit eige skjema. Den største skilnaden mellom fleirtalsval og forholdstalsval er sjølv valoppgjeret. Ved forholdstalsval er valoppgjeret meir omfattande.

Valoppgjeret:

- 7 Først reknar ein ut listerøystetala for dei ein-skilde listene.

Kvar røystesetel tel like mange listerøyster som det skal veljast medlemmer til soknerådet. Ved oppføring av namn frå ei anna valliste trekkjer ein frå éi listerøyst per namn på vallista, medan ein legg til éi listerøyst per namn på den andre vallista (sr § 11-5 d).

Listerøystetalet og grunnlaget for utrekninga skal først inn på rapporteringsskjemaet for kvar liste i **rubrikk 6**.

Døme pkt. 7

I kyrkjelyd XX skal det veljast seks medlemmer til soknerådet. Det er to vallister.

Valliste A har fått 100 røyster. På desse vallistene står det til saman 22 namn som er førte opp frå valliste B.

Valliste B har fått 60 røyster. På disse vallistene står det til saman 35 namn som er førte opp frå valliste A.

Utrekning av listerøystetal, valliste A:

100 røyster × 6 medlemmer av soknerådet	=	600
Minus 22 listerøyster som skal overførast til valliste B	-	22
Pluss 35 listerøyster som skal overført frå valliste B	+	35
<u>Listerøyster totalt for valliste A:</u>	=	<u>613</u>

Utrekning av listerøystetal, valliste B:

60 røyster × 6 medlemmer av soknerådet	=	360
Minus 35 listerøyster som skal overførast til valliste A	-	35
Pluss 22 listerøyster som skal overførast frå valliste A	+	22
<u>Listerøyster totalt for valliste B</u>	=	<u>347</u>

- 8 Deretter reknar ein ut kor mange personlege røyster kvar kandidat har fått, jf. pkt. 6.

Talet på personrøyster per kandidat skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 7**. Dette gjeld personrøystene på alle kandidatlistene.

Døme pkt. 8

Kandidat Jensen på valliste A med 100 røyster har fått 12 tilleggsrøyster. Ho var også ført opp på 3 røystesetlar for valliste B. Det personlege røystetalet hennar blir då:

$$100 + 12 + 3 = \underline{\underline{115 \text{ personlege røyster}}}$$

Kandidat Olsen på valliste B med 60 røyster har fått 21 tilleggsrøyster. Han var også ført opp på 1 røystesetel for valliste A. Det personlege røystetalet hans blir då:

$$60 + 21 + 1 = \underline{\underline{82 \text{ personlege røyster}}}$$

- 9 Deretter fordeler ein mandata mellom listene.

Mandatfordelinga mellom listene går føre seg slik: Listerøystetalet (jf. pkt. 7) skal leggjast til grunn for mandatfordelinga. Den lista som har det høgste listerøystetalet, får det første mandatet. Deretter dividerer ein listerøystetalet for denne lista med 3. Den av listene som då har høgst røystetal/kvotient, får mandat nummer to. Listerøystetala skal så dividerast vidare på 1-3-5-7-9 osv. så lenge det er behov for det, det vil seie til alle mandata er fordelte. Dette gjeld berre valet av dei faste medlemmene av soknerådet. Dersom fleire lister har same kvotient, er det den av listene som har høgst røystetal, som får mandatet. Har listene det same røystetalet, skal det avgjerast ved loddtrekking kva liste mandatet skal tilfalle (sr § 11-5 f).

Mandatfordelinga og kvotienten som danna grunnlaget for å vinne mandatet, skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 8**.

Sjå døme for pkt. 9, 10 og 11 på neste side.

- 10 Når det er avgjort kor mange mandat ei valliste skal ha, fordeler ein representantplassane på kandidatane på lista.
Kandidatane blir kåra i rekkjefølgje etter kor mange personlege røyster dei har fått (jf. pkt. 8). Har fleire kandidatar fått like mange røyster, eller ingen tilleggsrøyster, er rekkjefølgja på lista avgjerande (sr § 11-5 g).
Kva kandidatar som er blitt valde til representantar i soknerådet, skal først inn i rapporteringsskjemaet i **rubrikk 9**.
- 11 Deretter kårar ein om mogleg fem vararepresentantar per liste ut frå den vidare rekkjefølgja i talet på mottekne personlege røyster (sr § 11-5 g).
Vararepresentantar for kvar liste skal først inn i rapporteringsskjemaet i **rubrikk 10**.
- 12 Røystesetlar og manntalslister skal pakkast ned og lagrast på forsvarleg måte ut valperioden (sr § 11-9).

Døme pkt. 9

Det skal veljast seks medlemmer av soknerådet i XX sokn.

Valliste A har listerøystetalet 613.

Valliste B har listerøystetalet 347.

Mandat nr. 1 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 3:
 $613 : 3 = 204,33$

Listerøystetalet for valliste B var 347.

Mandat nr. 2 går til valliste B.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste B med 3:
 $347 : 3 = 115,67$

Listerøystetalet for valliste A dividert med 3 var 204,33.

Mandat nr. 3 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 5:
 $613 : 5 = 122,6$

Listerøystetalet for valliste B dividert med 3 var 115,67.

Mandat nr. 4 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 7:
 $613 : 7 = 87,6$

Listerøystetalet for valliste B dividert med 3 var 115,67.

Mandat nr. 5 går til valliste B.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste B med 5:
 $347 : 5 = 69,4$

Listerøystetalet for valliste A dividert med 7 var 87,6.

Mandat nr. 6 går til valliste A.

Dersom listene hadde enda opp med lik kvotient ein gong, ville valliste A fått mandatet, for denne lista hadde det høgste listerøystetalet.

Valliste A har fått fire representantar (mandat 1, 3, 4 og 6).

Valliste B har fått to representantar (mandat 2 og 5).

Varamedlemmer blir ikkje fordelte på denne måten, sjå pkt. 11. Dersom ein av representantane for liste A melder forfall, møter ein vararepresentant frå liste A, og tilsvarende for liste B.

Døme pkt. 10 og 11

Valliste A med 100 røystesetlar og 613 listerøyster fekk fire representantar.

Valliste B med 60 røystesetlar og 347 listerøyster fekk to representantar.

På valliste A fekk kandidatane så mange personlege røyster:

1. Oline Jensen 115 røyster (2)
2. Karl Storli 104 røyster
3. Eva Øversveen 102 røyster
4. Tormod Bø 100 røyster
5. Katrine Johansen 113 røyster (3)
6. Ottar Evensen 103 røyster
7. Johanne Gråberg 108 røyster (4)
8. Hanne Wilhelmsen 104 røyster
9. John Hansen 118 røyster (1)
10. Inger Svendsen 101 røyster
11. Arne Berntsen 106 røyster

Dei fire med flest personlege røyster blir medlemmer av soknerådet, det vil seie:

1. John Hansen 118 røyster
2. Oline Jensen 115 røyster
3. Katrine Johansen 113 røyster
4. Johanne Gråberg 108 røyster

Dei fire som er valde, var i utgangspunktet nr. 9, 1, 5 og 7 på kandidatlista.

Vararepresentantar blir:

1. vara: Arne Berntsen 106 røyster
2. vara: Karl Storli 104 røyster
3. vara: Hanne Wilhelmsen 104 røyster
4. vara: Ottar Evensen 103 røyster
5. vara: Eva Øversveen 102 røyster

Karl Storli og Hanne Wilhelmsen har det same røystetalet. Karl Storli går då føre, for han står på ein høgre plass på kandidatlista. Rekkjefølgja på lista avgjer saka når to kandidatar har fått like mange personlege røyster.

Dersom ein av dei fire representantane som er valde inn frå valliste A, har forfall til eit soknerådsmøte, kallar ein inn 1. vara frå valliste A. Dersom ein representant frå valliste B har forfall, kallar ein inn 1. vara frå valliste B.

Tilsvarende fordeling av representant- og vararepresentantplassar gjennomfører ein så for valliste B.

C. Rapportering og kunnngjering

- 1 Opplysningane frå *rapporterings skjemaet* skal først inn i valmodulen i medlemsregisteret så snart som råd («omgående etter valgdagen»), og innan *onsdag 16. september*. Leiaren i valstyret formidlar skjemaet til ein autorisert brukar av medlemsregisteret i den lokale kyrkjeadministrasjonen, som fører opplysningane inn i valmodulen (sr § 11-6 første ledd).
- 2 Det skal takast utskrift av rapporten frå valmodulen. Denne utskrifta skal takast inn i valboka. Kopi skal sendast til prosten til orientering (sr § 11-6 første ledd).
- 3 Valboka skal takast inn som vedlegg i møteboka for soknerådet og underskrivast av alle medlemmene av soknerådet som er til stades (sr § 11-6 andre ledd).
- 4 Leiaren i valstyret sender utan opphald melding til dei som er valde (sr § 11-6 tredje ledd).
- 5 Melding til bispedømmerrådet blir gitt elektronisk i og med registreringa av data frå *rapporterings skjemaet* i valmodulen. Også kyrkjeleg fellesråd og Kyrkerådet blir orienterte gjennom valmodulen (sr § 11-6 fjerde ledd).
- 6 Valstyret offentliggjør resultatet av soknerådsvalet ved kunnngjering i kyrkja, i lokalavis og/eller kyrkjelydsblad, på internettsida til kyrkjelyden (om ei slik finst) og elles på den måten valstyret bestemmer (sr § 11-7, jf. § 2-2 siste punktum).
Når valresultatet er registrert i valmodulen, blir resultatet også offentliggjort på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no.
- 7 Når det nyvalde soknerådet har konstituert seg, skal medlemmene framstillast for kyrkjelyden ein av dei nærmaste søndagane etterpå (sr § 11-8). Presentasjonen bør gjennomførast under gudstenesta. Presentasjonen kan følgjast opp med at ein i forbønna under gudstenesta ber for soknerådet og arbeidet til rådet. Det går også an å arrangere kyrkjekaffi med nærmare presentasjon av soknerådet. Det nyvalde soknerådet bør også presenterast i kyrkjelydsbladet og på nettsida til kyrkjelyden, og dessutan til dømes i lokalavisa.

Materiell omtalt i denne rettleiinga som finst på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no:

- Skjema 2.1.12 *Rapporterings skjema for oppteljing – forholdstalsval* (Word-skjema for utfylling)
- Liste 2.1.12a *Oppteljing val av sokneråd – forholdstalsval* (Excel, ferdig formatert rekneark med døme)
- Liste 2.1.12b *Utrekning av listerøyster og mandatfordeling – forholdstalsval* (Excel, ferdig formatert rekneark med døme)

Data frå oppteljinga skal så langt råd er leggast inn i valmodulen under Resultat. Valmodulen støttar ikkje utrekning av valresultat ved forholdstalsval. Valresultatet må derfor reknast ut utanfor valmodulen i listene for oppteljing og utrekning av listerøyster og mandatfordeling. Desse listene er ferdig programmerte rekneark som reknar ut rett valresultat etter at data frå oppteljinga er lagde inn. Kyrkjelydar som

har forholdstalsval, får hjelp av Kyrkerådet til å registrere valresultatet i valmodulen. Kontaktperson for dette i Kyrkerådet er seniorrådgivar Anders Backer-Grøndahl Eide, abge@kyrkja.no, tlf. 23 08 12 57/40 40 44 28. Deretter skal det leggast inn manuelt kven som er valde til soknerådsmedlemmer. Varamedlemmer for kvar liste vil ikkje kome fram i valmodulen.